

**Fiskåholmen i Vanylven kommune i Møre og
Romsdal fylke**
**Vurdering av verdier og konsekvensar for
biologisk mangfald ved ei vidare utbygging av
holmen.**



BIOREG AS

Rapport 2017:26

| | | |
|---|---|--------------------------------------|
| Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/ | Kontaktpersonar: For Bioreg: Finn Oldervik | ISBN-nr. 978-82-8215-347-8 |
| Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as | Oppdragsgjevar: Vanylven kommune v/kommunalsjef Terje Kolstad. | Dato: 06.06.2017 |
| Referanse: Olsen, O., & Oldervik, F. G. 2016. Fiskåholmen i Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke. Vurdering av verdiar og konsekvensar for biologisk mangfald ved ei vidare utbygging av holmen. Bioreg AS rapport 2017 : 26. ISBN; 978-82-8215-347-8. | | |
| Referat: Etter ynskje frå Vanylven kommune og Oddhild Fausa, Ose Ingeniørkontor AS, har Bioreg AS laga ein rapport/notat som kort skildrar dei biologiske verdiane som vart registrert ved ei undersøking av nærområdet til Fiskåholmen, samt det som vart påvist på sjølve holmen. Undersøkinga er initiert fordi kommunen ynskjer ei vidare utbygging av holmen til industriføremål. Planane går ut på ei vidare utfylling mot sjøen på begge sider av holmen. Undersøkinga vart utført av Oddvar Olsen og Tor-Amund Røsberg den 15. april 2017. Vertilhøva var skiftande med snøbyger ved undersøkinga. Det vart funne ålegraseng i det aktuelle planområdet. Oter (VU) held til på det ytste neset som ikkje er omfatta av utbygginga etter planen, og berre innte del av leveområdet blir berørt av fyllinga. Fiskemåse (NT) vart sett inne på sjølve Fiskåholmen, men det er usikkert om desse hekkar her. Elles vart det funne og sett berre vanlege artar frå alle artsgrupper. | | |
| 4 emneord: Biologisk mangfald Industriutbygging Naturverdiar Konsekvensvurdering | | |

Figur 1. Biletet viser ytste halvdel av Fiskåholmen sett frå søraust. Foto; Oddvar Olsen for Bioreg AS ©15.04.17.

Føreord

På oppdrag frå Vanylven kommune ved **NN**, har Bioreg AS gjort ei undersøking av biologisk mangfald på og ved Fiskåholmen, dette fordi det ligg føre planar om ytterlegare utfylling langs holmen. Innan planområdet er det tanken at det skal byggjast djupvasskai og industribygningar. Området er i reguleringsplan for Fiskåbygd (2010) regulert som industriområde og ligg sørvest for Fiskå sentrum. Tilbake i 1969 vart holmen gjort landfast ved utfylling og Ulstein Verft har frå **1974** og fram til avviklinga i 2015 nytta industriområdet til maritim næring. Vanylven kommune ønskjer å auke industriarealet, nytte eksisterande bygningar og tilby aktuelle aktørar tilpassa og sentrale lokalitetar. I samband med bygginga av Stadt Skipstunnel er det planlagt å fylle ut sjøen både aust og vest for holmen - i hovudsak med massar frå den tiltenkte skipstunnelen.

Dette notatet er fyrst og fremst ei samanfatning av det som vart observert ved den naturfaglege undersøkinga som vart gjort av Bioreg AS den 15. april 2017, men også eksisterande kunnskap slik ein finn det m.a. i Naturbase og Artskart samt anna kunnskap som kommuneadministrasjonen og Fylkesmannen sit på. Det vil også verta gjort ei vurdering av eventuelle skadeverknadar på biologisk mangfald. Våre undersøkingar og vurderingar utgjer ein del av planprogrammet utarbeidd av Rambøll på oppdrag frå Vanylven kommune i 2016.

<https://www.vanylven.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=17&Filld=3495>

For oppdragsgjevarane har Oddhild Fausa Ose Ingeniørkontor AS og Terje Kolstad Vanylven kommune vore kontaktperson. For Bioreg AS er det Finn Oldervik som har hatt denne rolla saman med Oddvar Olsen. Oldervik har også samla tilgjengeleg eksisterande kunnskap samt skrive notatet saman med Oddvar Olsen og Tor-Amund Røsberg.

Aure 6. juni 2017

Volda 6. juni 2017

Haram 6. juni 2017

Finn Oldervik

Oddvar Olsen


Tor-Amund Røsberg

Innhald

| | |
|---|----|
| Føreord | 3 |
| 1 Innleiing | 5 |
| 2 Kort historikk | 6 |
| 3 Utbyggingsplanane | 6 |
| 4 Metode | 6 |
| 4.1 Eksisterande kunnskap om naturverdiar i området som er omfatta av planane. | 6 |
| 4.2 Ny kunnskap om naturverdiane i området | 6 |
| 5 Naturfagleg undersøking av Bioreg AS våren 2017 | 8 |
| 6 Resultat..... | 12 |
| 6.1 Flora..... | 12 |
| 6.2 Akvatiske miljø..... | 12 |
| 6.3 Fauna | 13 |
| 7 Diskusjon om det som vart registrert..... | 13 |
| 7.1 Eigne og andre sine registreringar | 13 |
| 7.2 Eventuelle avbøtande tiltak..... | 16 |
| 8 Kjelder..... | 18 |
| 8.1 Litteratur: | 18 |
| 8.2 Munnlege kjelder: | 19 |
| 9 Vedlegg 1. Artslister | 20 |

1 INNLEIING

Det er planlagt utfylling ved Fiskåholmen i Vanylven kommune. Innan planområdet er det tanken å byggja m.a. djupvasskai og industribygningar. Området er i reguleringsplan for Fiskåbygd (2010) regulert som industriområde og ligg sørvest for Fiskå sentrum. Rundt 1969 vart holmen gjort landfast ved utfylling og Ulstein Verft har sidan og fram til avviklinga i 2015 nytta industriområdet til maritim næring. Vanylven kommune ønskjer å auke industriarealet, nytte eksisterande bygningar og tilby aktuelle aktørar tilpassa og sentrale lokalitetar. I samband med Stadt Skipstunnel er det planlagt å fylle ut sjøen vest og aust for holmen i hovudsak med massar frå den tiltenkte skipstunnelen.



Figur 2. Kartet viser dei aktuelle planane for utfylling slik dei ligg føre per i dag. «Planlagt utfylling 1» i vest er tenkt at skal utfyllast først.

2 KORT HISTORIKK

Tilbake i tid vart holmen gjort landfast ved utfylling i perioden 1969 og framover til Ulsteingruppen etablerte seg i 74, og Ulstein Verft har fram til avviklinga i 2015 nytta industriområdet til maritim næring. Det har tidlegare vore utgreia djupvasskai for offshore-riggar på Fiskåholmen i 2013.

3 UTBYGGINGSPLANANE

Tiltakshavar for utbyggingsplanane er Vanylven kommune. Planane går ut på å utvida industriområdet på Fiskåholmen med vidare utfylling i sjøen både på vest og austsida av holmen. På dette arealet er det målsetting om tilrettelegging for utvikling av næringsareal, opparbeiding av infrastruktur og utfylling i sjø for bygging av kai. (Sjå fig. 2!) Masse til utfylling av området er tenkt å takast frå Stad skipstunnel når den skal byggast. I ytste enden av Fiskåholmen er eit område som ikkje er planert. Dette området vil kommunen behalde slik som det er som ei skjerming mot vind og sjø, og som skjerming for innsyn frå sjøsida. På denne haugen står også ei fyrlykt.

4 METODE

4.1 Eksisterande kunnskap om naturverdiar i området som er omfatta av planane.

Det er få opplysningar å finna om naturverdiane på og rundt Fiskåholmen i dei mest brukte kjeldene slik som Naturbase og Artskart. Vi har også sjekka med kommunen og Fylkesmannen om dei har opplysningar som kan vera relevante for dette prosjektet.

4.2 Ny kunnskap om naturverdiane i området

For å utvida kunnskapen om utbyggingsområdet vart det gjort ei undersøking både av sjølve holmen og av sjøområdet rundt, våren 2017. Den naturfaglege undersøkinga vart utført av Tor-Amund Røsberg, Røsberg Naturkonsultasjon og Oddvar Olsen, FaunaFokus AS for Bioreg AS under brukbare vertilhøve. Undersøkinga gjekk ut på å sjekka vegetasjonen langs land i fjøra og på land på ytste del av holmen. I sjøen vart det nytta sjøkikkert for å sjå etter artar i grunnvassområda rundt holmen. Denne undersøkinga fann stad 15. april 2017 som er den tida på året at det er venta lågast fjøre.

Ein plastbåt lånt ut av brannvesenet, vart nytta for å kome seg rundt i det aktuelle området. Identifisering av artar vart gjort i felt og material av mosar, lav, algar og blautdyr vart samla for gjennomgang på lab med stereolupe og mikroskop. Ved hjelp av båt og undervasskikkert vart ålegrasengene og annan havbotn registrert og inspisert, og det vart fiska opp belegg av ålegras. Ålegras vart punktregistrert med GPS og er vist i figur 4. GPS er brukt for sporeikn slik at undersøkinga er repeterbar. Fuglar som oppheldt seg og nytta området vart registrert og oteraktivitet vart og kartlagd.

4.3 Kriterier for verdivurdering av ålegrasenger

Etter at Handbok 19 for marint biologisk mangfald vart oppdatert i 2007 er det laga nye kriterium for verdisetting av ålegrasenger (2012) og kriteria frå 2007 er gått ut av bruk.

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar

Forslag til grenseverdier:

A – Indeks >20

B – Indeks 15-20

C – Indeks 10-15, som i dag er det mulig å dele inn C i flere nivåer.

Forekomster med mindre enn 10 poeng regnes å ha lav verdi.

Viktige utforminger er:

- Vanlig ålegras I1101
- Dvergålegras I1102
- Havgras I1103
- Brakkvannsenger I1104
- Blandingsenger av ålegras og tang I1105

Tabell 5. Kvantifisering av de ulike foreslåtte kriteriene for verdisetting av ålegrasenger og andre undervannsenger. Til hver parameter tilordnes en tallverdi. Naturtypens verdi fastsettes ved å summere verdien for de parameterne det finnes tilstrekkelig informasjon om.

| Verdi | Låg | Middels | Høg |
|--|--|--|--|
| Økologisk funksjon | | | |
| Lav naturtyperikdom i fjord/basseng. Dokumentert mangel på annen skog/engdannende vegetasjon (tangbelte, tareskog) | 9 | 9 | 9 |
| Naturtyperikdom - nærhet til og overlapp med samhørende naturtyper og arter (gytefelt for torsk, ørretbekker) (Obligatorisk) | - (ingen, avstand >1km) | 6 (avstand <1km, men ikke overlappende) | 9 (overlappende) |
| Sjeldne arter - naturtypen er funksjonsområde for rødlistet(e) art(er). (Obligatorisk) | - (ingen/ett individ) | 3 (vanlig eller mange eksemplarer) | 6 (populasjon/bestand) |
| Størrelse – Areal av nærliggende (<200m) enger / enger innen samme bukt. (Obligatorisk) | 1: < 1 000 m ² ; 2: ≥ 1 000 m ² | 4: ≥ 25 000 m ² ; 6: ≥ 50 000 m ² | 9: ≥ 100 000 m ² 20 ≥ 200 000 m ² |
| Størrelse – Høyde (bladlengde) på eng. (Obligatorisk) | 1 ≤ 20 cm | 3 20-60 cm | 6 ≥ 60 cm |
| Produksjonsrate. Grad av skuddtetthet (Obligatorisk) | 1 (glissen, enkeltstrå) | 3 (vanlig, flekkvis) | 6 (tett eng) |
| Lite avvik fra naturtilstand mht. funksjon (ikke benyttet) | Kriteriet benyttes ikke inntil vi har ny kunnskap | | |
| Grad av sjeldenhet | | | |
| Sjeldenhet | 1 (Sjelden i kommunen) | 3 (eneste/siste gjenværende forekomst i kommunen) | 6 (eneste/siste gjenværende forekomst i fylket) |

Se Nivarapport 6446-2012 s. 28 (Bekkby et al. 2012. Nasjonal kartlegging av biologisk mangfold – kyst. Diskusjon og forslag til revidering av kriterier for verdisetting av marine naturtyper og nøkkelområder.

For sikkerheits skuld vart ein av forfatarane av nemnde rapport, nemleg Fridtjof E. Moy spurd kor vidt kriteriesettet skulle takast i bruk. Svaret vi fekk frå Moy etterlet ingen tvil om at dette var gjeldande no, men om det hadde fått sin endelege utforming var derimot meir tvilsamt (pers. meld. Fridtjof Moy).

4.4 Raudlista

Siste utgåva av raudlista for artar kom i nov 2015. Dette er ei liste over artar i norsk natur som på kort eller lengre sikt står i fare for å verta utrydda. Alt etter kor truga dei ulike raudlistearter er, er dei inndelt i ulike kategoriar: Desse kategoriane er:

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)
 CR – Kritisk truga (Critically Endangered)
 EN – Sterkt truga (Endangered)
 VU – Sårbar (Vulnerable)
 NT – Nær truga (Near Threatened)
 DD – Datamangel (Data Deficient)

4.5 Svartelista

Den gjeldande utgåva av svartelista artar i Norge er frå 2012. Ny utgåve er venta i 2018. I dagens liste er der skilt mellom 5 kategoriar:

SE - Særs høg risiko
 HI - Høg risiko
 PH - Potensielt høg risiko
 LO - Låg risiko
 NK - Ingen kjend risiko

5 NATURFAGLEG UNDERSØKING AV BIOREG AS VÅREN 2017.

Som nemnd i metodekapitlet vart det utført ei undersøking på og rundt Fiskåholmen den 15. april 2017. Undersøkinga vart utført av Tor-Amund Røsberg og Oddvar Olsen for Bioreg AS etter oppdrag frå Vanylven kommune i samarbeid med Ose Ingeniørkontor AS avd. Ålesund (Oddhild Fausa). Vegetasjonen langs land i fjøra og på land på ytste del av holmen vart undersøkt. I sjøen vart det nytta sjøkikkert for å sjå etter artar i grunt-vassområda rundt holmen.


Været var ikkje det beste under undersøkinga. Trass i at værmeldinga lovde vindstille og opplett, kom det snøbyer og vind i det vi starta opp om morgonen då fjøra var lågast. Vi måtte snu litt på planane og ta undersøkinga på land langs fjøra først medan vi venta på at veret skulle roa seg. Etter kvart spakna vinden og det vart opplett slik at undersøkinga med båt og sjøkikkert kunne halda fram. På bakgrunn av det som vart observert, samt det som finst av eksisterande kunnskap, er det laga ei kort skildring av det som finst av naturverdiar på sjølve holmen og i nærområdet.

Under denne synfaringa vart det registrert fire raudlista artar. Oter (**VU**), storspove (**VU**), ærfugl (**NT**) og fiskemåse (**NT**) (jf. Henriksen & Hilmo 2015). På sjøbotnen vart det registrert tre førekomstar av ålegras. Ei komplett artsliste finst i vedlegg 1.

Kunnskap om marine artar, naturtypar, mose, lav og planter kan reknast som godt. Namnsetjinga av mosar og lav er kvalitetssikra av Oddvar Olsen. Kunnskapsgrunnlaget om hekkefugl innanfor influensområdet er mangelfullt. Observasjonane som vart gjort i april av underteikna treng ikkje å knytast til hekkeplass. For pattedyr vart det registrert otermarkeringar og mogleg yngleplass, medan kunnskap om småpattedyr er svært mangelfullt.



Figur 3. Biletet viser utbreiinga av ålegras ved Fiskåholmen. Den sørvestlegaste ringen hadde den største og tettaste førekomsten av dei tre påviste lokalitetane.




Figur 4. Kartet viser undersøkingsruta både på land og sjø den 15. april 2017.

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar



Figur 5. Kartutsnittet viser utbyggingsområdet (den raude firkanten), samt den omkringliggjande geografien. Som ein ser ligg området nær til Stad skipstunnel, der det er tenkt å nytte masse frå. (Kartet er henta frå Gislink).

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar



Figur 6. Dette kartet viser fleire detaljar kring Fiskåholmen. (Kartet er henta frå Gislink).

6 RESULTAT

6.1 Flora

Heile området rundt Fiskåholmen vart undersøkt både på land og i dei grunne delane av sjøen rundt. Ingen raudlista eller sjeldne plantar, mosar, sopp eller lav vart påvist. Det var for tidleg på året til at karplantefloraen var kome skikkeleg i vokster, men det som let seg namnsetja vart notert. For sopp var dette heller ikkje rette årstida, men der er ingen indikasjon på at her skal være tilhøve for raudlista eller sjeldne artar av denne gruppa. Mose og lav derimot er det ikkje noko problem å kartleggja på denne årstida og alle artar vart notert og er presentert i artslista i vedlegg 1.

6.2 Akvatiske miljø

Det vart brukt sjøkikkert for å undersøke sjøbotnen på begge sider av Fiskåholmen både i sjølve planområdet og tilgrensande område som kan bli berørt av utfyllinga. Både på vestsida og austsida vart det funne ålegrasenger. Elles vart berre vanlege artar observert.

6.3 Fauna

Ute ved det ytste neset vart det sett mange og ferske spor etter oter (VU). Trulig er dette ein yngleplass. Fiskemåse (NT) vart sett inne på Fiskåholmen, men det var for tidlig på året til å seie noko om den hekkar her. Elles vart både ærfugl (NT) og storspove (VU) sett nær opptil Fiskåholmen. For å kunne seie noko om hekkande fugl, må området undersøkast i juni.

7 DISKUSJON OM DET SOM VART REGISTRERT

7.1 Eigne og andre sine registreringar

På begge sider av holmen vart det funne ålegras og fig 2 viser utbreiinga av graset. Den sørvestlegaste ringen hadde den største og tettaste førekomsten av dei tre påviste lokalitetane. Sikta var ikkje den aller beste den dagen undersøkinga vart gjort, men med sjøkkert kunne ein sjå ålegras ned til 6-7 meters djup. Graset er dei fleste stadar oppgjeve å kunne vekse ned til ca 10 meters djup

<http://www.xn--miljodirektoratet-oxb.no/old/dirnat/multimedia/49704/Faggrunnlag-for-Alegras-Zostera-marina-i-Norge> så vi reknar med at vi har sett det meste av vekseområdet. Ekspertar på ålegras seier likevel at ålegraset er lettare å registrera noko seinare på året dvs juli - aug når det er kome i skikkeleg vekst.

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00258/_legrasenger_i_Berg_258612a.pdf

Frå den siste rapporten har vi saksa følgjande;

- Velutvikla ålegrasenger demper bølgeenergien mot land og hindrar kysterosjon.
- Større, intakte ålegrasenger er høgproduktive økosystem som også kjem andre deler av det marine økosystemet til gode, både planteetarar, nedbrytarar og mikroorganismar.
- Dei høgproduktive ålegrasengene er viktige karbonfangarar, dei hjelper med å dempa overskotet av karbon i havet
- Ålegrasenger kan ta opp overskot av næring (frå kloakkutslepp, landbruksavrenning, akvakultur eller andre kjelder), og omdanna overskot av nitrogen, fosfor o.a. til grønt og friskt plantemateriale. Ålegras bidreg dermed til å gjera livet leveleg for ei rekke andre marine organismar.
- Ålegrasenger er viktige oppvekstområde for mange økonomisk viktige marine organismar, som rekeyngel, torskeyngel o.a.
- Ålegras har evne til å fange opp oppløyste partiklar, og ålegrasenger fungerer dermed som sedimentasjonsfeller. Dei gjer kystvatnet reinare.

Ut frå dette kan vi konkludera med at ålegraset langs kysten vår har ei viktig oppgåve – både med tanke på vasskvalitet og som oppvekstområde for ymse yngel. Dessutan fungerer dei som matfat for ymse grasetande sjøfuglar og bl.a. for fisk- og dykkender.

Vi kan ikkje seie noko om utbreiinga av ålegras vidare langs land nord og sør for Fiskåholmen, då vidare undersøking ikkje var ein del av dette oppdraget. Ved søk på Artskart, kjem det likevel opp ei rekkje funn av arten i fylket. Havforskningsinstituttet og NIVA er i gang med kartlegging av

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar

Ålegrasenger i Møre og Romsdal og planen er at Vanylven skal undersøkast i juni 2017. (Pers. med. Jonas Thormar). Om dette blir gjennomført etter planen, får vi ei god og heildekkande undersøking over heile området på begge sider av Fiskåholmen.

Ålegrasenger er foreslått som utvald naturtype av Miljødirektoratet (Artsdatabanken?) og skal i samsvar med Bernkonvensjonen vernast og er lista i Rio-deklarasjonen som eit habitat/naturtype med behov for freding. Naturtypen er også lista som truga og med minkande førekomstar i OSPAR konvensjonen¹. Den største førekomsten på austsida av holmen vil bli nedfyld slik dei noverande planane ligg føre. Den austlegaste av dei to i aust, kjem veldig nær og blir truleg også påverka. Påverknaden vil verta minst om ein brukar reine steinmasser utan finstoff og om ein dumpar steinmassane slik at minst mogleg slam blir virvla opp. Førekomsten på vestsida er såpass skjerma at vi vurderer det som lite trulig at den blir påverka av ny fylling.

Den største førekomsten er på omlag 0,4-0,5 dekar og dei andre to på omlag 0,1 dekar kvar. (Arealet på engene er oppgjeve med noko atterhald om at det kan være areal som ligg for djupt til at vi har sett det.) Som før nemnd er den beste tida for å undersøkje ålegrasenger i juli/august då graset har vakse opp. I april då denne undersøkinga fann stad, er mykje av ålegraset visna ned og arealet kan av den grunn være noko underestimert (pers. meld. Anders Lundberg).

Tilstanden til ålegrasengene og området rundt er ikkje så god med tanke på tidlegare menneskelege påverknadar, slik som utfyllingar, bygging av moloar og småbåthamn, i tillegg til ein del forsøpling frå industri o.a. Utslepp gjennom røyr vart ikkje påvist, men vi går ut frå at det er ein del sig av div slag i samband med både industri, småbåthamn og jordbruk.

Etter kriteria for ålegrasenger i DN-Handbok 19, hamnar desse engene på ein B-verdi fordi storleiken er under 100 000 m².

Naturtypen er Ålegraseng og andre undervannsenger (I11). Utforminga er Vanleg ålegras (I1101)

DN Håndbok 19-2001. Revidert 2007. 51 s)

Svaner og ymse artar av gås kan beite på ålegras og auka bestand av knoppsvane og kanadagås kan ha ein negativ effekt. Men desse fuglane når ikkje ned til dei djupaste områda og kan trulig ikkje beite heilt vekk ei ålegraseng anna enn i svært grunne enger.

¹ OSPAR er ei forkorting for Oslo-Paris-konvensjonen (OSPAR) om vern av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren, og er ein juridisk bindande avtale og samtidig vårt viktigaste regionale forum for utvikling av den marine naturforvaltninga i det nordaustlege atlanterhavsområdet.



Figur 7. Flyfotoet og den raude ovalen viser det området som var mest brukt av oter. I nordlige del av ringen blir det fylling. Her kan det lagast ei kunstig ur. (sjå under kapittel 6.2!)

Heile strandsona i det undersøkte området er påverka av ymse menneskelege inngrep slik som steinfyllingar og avfall av diverse slag som t.d. betongrørbitar, jarnbitar, gamle slipeskiver ol. Unntaket er den ytste delen av holmen ved fyrlykta. Vegetasjonen ytst på holmen, er det som ein kan definere som kystlynghei i sterk attgroing, med mykje gammal grov røsslyng. Einer og einstape gror opp saman med lauvskog. Sitkagran og bergfuru er der nokre få individ av no, men kan fort ta overhand om dei får stå og byrjar å formera seg. Langs sjøen er det strandberg og nakent berg. Det var ikkje sesongen for å kartlegge karplanter, men vi namnsette likevel dei som vi klarte å registrere slik som; bringebær, tyttebær, mjørdurt, blåbær, røsslyng, klokkelyng, einstape, storfrytle, sisselrot, skjørlok og torvmyrull.

For artsliste over mose og lav m m, sjå vedlegg 1.

Av treslag noterte vi sitkagran, selje, bjørk, rogn, gråor, bergfuru og rødhyll.

Sitkagran (SE), bergfuru (LO) og raudhyll (HI) (og eventuelt andre svartelisteartar som dukkar opp), bør takast bort og ein skjøtselsplan for å halde holmen i hevd, bør vurderast.

Oter (VU) held til på holmen og trulig blir den brukt som yngleområde. Ved ein eventuell skjøtselsplan må ein ta nokre omsyn til arten.



Figur 8. Flyfotoet og dei områda som er markert med blå omraming viser omlag område for mudderbotn der ålegras vart påvist. Resten av det undersøkte området rundt holmen, består botnen av fjell og stein.

7.2 Eventuelle avbøtande tiltak

Den største førekomsten på austsida vil bli nedfylt slik dei noverande planane ligg føre. Den austligaste av dei to i aust, kjem veldig nær og blir truleg også påverka. Påverknaden vil verta minst om ein brukar reine steinmasser utan finstoff og om ein dumpar steinmasse slik at minst mogleg slam blir virvla opp. Førekomsten på vestsida er sopass skjerma at vi vurderer det som lite trulig at den blir påverka av ny fylling.


Avbøtande tiltak vil være om ein fyller ut kun på vestsida av holmen, eller innskrenkar planområdet på austsida. (sjå fig. 9)

Oteren sitt område i nordlige del vil bli fylt over etter noverande planar. Dette kan avbøtast gjennom å lage ei «kunstig» ur langs fyllinga der denne går langs land (Sjå fig 7). Denne ura bør bestå av rund og glatt jordstein. (Ikkje sprengt stein.)



Figur 9. Flyfotoet viser aktuell utfylling der ein tek omsyn til ålegrasenga på austsida.

Det kan kanskje være aktuelt med ei utvida undersøking av ålegrasengene ved Fiskå i juli/august. (Sjå fig. 10) Om det viser seg at der er større områder med ålegras utanfor planområdet, og at fyllinga påverkar berre ein liten del av det samla arealet, kan det vera eit godt argument for å fylla ut i samsvar med planane også på austsida.



Figur 10. Flyfotoet viser eit stort mudderområde som kan være aktuelt for ålegras sør for Fiskåholmen.

8 VERDI, OMFANG OG KONSEKVENNS

9 KJELDER

9.1 Litteratur:

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar

Bekkby, T., Moy, F. E., Olsen, H., Bodvin, T., Grefsrud, E. S., Espeland, S. H., Bøe, R. et Rinde, E. 2012. Nasjonal kartlegging av biologisk mangfald - kyst. Diskusjon og forslag til revidering av kriterium for verdisetting av marine naturtyper og nøkkelområder. NIVA rapport 6446-2012

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av marint biologisk mangfald. DN Håndbok 19-2001. Revidert 2007. 51 s

Direktoratet for naturforvaltning 2015. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfald. Ny revidert utgave av DN-håndbok 1999-13.

Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvasslokaltetar. DN-handbok 15-2000.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge ISBN: 978-82-92838-41-9

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Norges geologiske undersøkelse <http://www.ngu.no/>

Statens vegvesen. Konsekvensanalyser. V712 i Statens vegvesens handbokserie. 2014.

Tveiten, E., Lutro, O., & Thorsnes, T.: 1998. Geologisk kart over Noreg. Berggrunnskart ÅLESUND M 1 : 250 000. Noregs geologiske undersøkning.

<http://www.miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/tema/for%20offentlig%20sektor/Horingsutkast---faggrunnlag-for-alegraseng--16-12-2014.pdf>

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00258/_legrasenger_i_Berg_258612a.pdf

9.2 Munnlege kjelder:

Anders Lundberg Morvikveien 191, 5124 Morvik ☎ 55 19 23 48. Anders.Lundberg@uib.no

Jonas Thormar, PhD. Institute of Marine Research, Flødevigen Benthic Communities and Coastal Interactions. Phone: +47 40056708. jonas.thormar@imr.no

Terje Kolstad kommunalsjef, teknisk sektor; Vanylven kommune Tlf 70030071 | Mob 95810289
<terje.kolstad@vanylven.kommune.no>

Fridtjof E. Moy ved Havforskningsinstituttet I Bergen. Tlf. 55 23 85 00

VEDLEGG 1. ARTSLISTER

| Raudlistestatus | FUGL | | kommentarar |
|-----------------|--------------------------|-------------------|---------------------------------------|
| | Anser anser | grågås | 1 par |
| | Anthus petrosus | skjærpiplerke | 2 stk |
| | Ardea cinerea | gråhegre | 2 stk |
| | Covus cornix | kråke | 1 stk |
| | Haematopus ostralegus | tjeld | 2 par |
| NT | Larus canus | fiskemåke | 10-15 par. Ca 5 par innegjerda område |
| | Larus sp | stormåke | 20 stk. Ungfugl/vaksenfugl blanda |
| | Mergus serrator | siland | 4 stk |
| | Motacilla alba | linerle | 1 stk |
| VU | Numenius arquata | storspove | 1 par |
| NT | Somateria mollissima | ærfugl | 2 par |
| | | | |
| | LAV | | |
| | Anaptychia runcinata | svaberglav | |
| | Cladonia arbuscula | lys reinlav | |
| | Cladonia furcata | gaffellav | |
| | Cladonia portentosa | kystreinlav | |
| | Ephebe lanata | | |
| | Hydropunctaria maura | marebek | |
| | Hypogymnia physodes | vanlig kvistlav | |
| | Lecidella elaeochroma | vanlig smaragdlav | |
| | Lichina confinis | dvergtanglav | |
| | Melanelixia fuliginosa | stiftbrunlav | |
| | Nephroma parile | grynvrenge | |
| | Parmelia omphalodes | brun fargelav | |
| | Parmelia saxatilis | grå fargelav | |
| | Parmelia sulcata | bristlav | |
| | Peltigera canina | bikkjenever | |
| | Platismatia glauca | vanlig papirlav | |
| | Ramalina farinacea | barkragg | |
| | Ramalina siliquosa | klipperagg | |
| | Sphaerophorus globosus | brun korallav | |
| | Tephromela atra | | |
| | Verruca stroemia | vorterur | |
| | Xanthoparmelia conspersa | stiftsteinlav | |
| | Xanthoparmelia pulla | skålskjærgårdslav | |
| | Xanthoria parietina | vanlig messinglav | |
| | | | |
| | MOSE | | |
| | Calyptogeia fissa | tannflak | |
| | Frullania tamarisci | matteblæremose | |

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar

| | | | |
|------------------|----------------------------|--------------------|-------------|
| | Gymnocolea inflata | torvdymose | |
| | Hylocomium splendens | etasjemose | |
| | Isothecium myosuroides | musehalemose | |
| | Lophocolea bidentata | totannblonde | |
| | Lophocolea heterophylla | stubbeblonde | |
| | Marsupella emarginata | mattehutremose | |
| | Mnium hornum | kysttornemose | |
| | Plagiothecium undulatum | kystjamnemose | |
| | Ptilium crista-castrensis | fjærmose | |
| | Rhytidiadelphus loreus | kystkransmose | |
| | Rhytidiadelphus squarrosus | engkransmose | |
| | Schistidium maritimum | saltblomstermose | |
| | Ulota hutchinsiae | steingullhette | |
| | Ulota phyllantha | piggknoppgullhette | |
| | | | |
| Svartlistestatus | PLANTER | | |
| | Alnus incana | gråor | |
| | Betula pubescens | bjørk | |
| | Calluna vulgaris | røsslyng | |
| | Cystopteris fragilis | skjørlok | |
| | Erica tetralix | kløkkelyng | |
| | Eriophorum vaginatum | torvmyrull | |
| | Filipendula ulmaria | mjødurt | |
| | Luzula sylvatica | storfrytle | |
| SE | Picea sitchensis | sitkagran | |
| LO | Pinus uncinata | bergfuru | |
| | Polypodium vulgare | sisselrot | |
| | Pteridium aquilinum | einstape | |
| | Rubus idaeus | bringebær | |
| | Salix caprea | selje | |
| HI | Sambucus racemosa | rødhyll | |
| | Sorbus aucuparia | rogn | |
| | Vaccinium myrtillus | blåbær | |
| | Vaccinium vitis-idaea | tyttebær | |
| | | | |
| | SOPP | | |
| | Lichenomphalia umbellifera | torvnavlesopp | kommentarar |
| | Propolis farinosa | pudderplett | |
| | Rhopoglyphus filicinus | | på einstape |
| | | | |
| | MARINE ARTER | | kommentarar |
| | Actinia equina | | |
| | Arenicola marina | fjæremark | |
| | Ascophyllum nodosum | grisetang | |
| | Asterias rubens | vanlig korstroll | |

Fiskåholmen i Vanylven kommune - Naturverdiar

| | | | |
|-----------------|----------------------------------|--------------------|-----------------------------|
| | <i>Carcinus maenas</i> | strandkrabbe | |
| | <i>Cerastoderma edule</i> | saueskjell | dødt skjell på land |
| | <i>Cladophora rupestris</i> | vanlig grønndusk | |
| | <i>Crangon</i> sp | sandreke sp | |
| | <i>Ectoprocta</i> sp | mosdyr sp | |
| | <i>Fucus serratus</i> | sagtang | |
| | <i>Fucus vesiculosus</i> | blæretang | |
| | Gammaridae <i>gammarus</i> sp | tangloppe sp | |
| | <i>Idotea baltica</i> | tanglus | |
| | <i>Laminaria digitata</i> | fingertare | |
| | <i>Littorina littorea</i> | storstrandsnegl | |
| | <i>Littorina obtusata</i> | buttstrandsnegl | |
| | <i>Littorina saxatilis</i> | steinsnegl | |
| | <i>Mytilus edulis</i> | blåskjell | |
| | <i>Nucella lapillus</i> | purpurnegl | |
| | Ostreidae sp | østers sp | dødt skjell på land |
| | <i>Patella vulgata</i> | vanlig albuesnegl | |
| | <i>Pecten maximus</i> | kamskjell | dødt skjell på land |
| | <i>Pelvetia canaliculata</i> | sauetang | |
| | <i>Phymatolithon lenormandii</i> | slettrugl | |
| | <i>Prasiola stipitata</i> | måsegrønske | |
| | <i>Semibalanus balanoides</i> | fjærerur | |
| | Spirorbidae <i>spirorbis</i> sp | posthornmark sp | |
| | Tellinidae <i>angulus</i> sp | tallerkenskjell sp | dødt skjell på land |
| | <i>Ulva intestinalis</i> | tarmgrønske | |
| | <i>Ulva lactuca</i> | havsalat | |
| | <i>Venerupis corrugata</i> | teppeskjell | dødt skjell på land |
| | <i>Vertebrata lanosa</i> | grisetangdokke | |
| | <i>Zostera marina</i> | ålegras | |
| | | | |
| Raudlistestatus | PATTEDYR | | kommentarar |
| VU | <i>Lutra lutra</i> | oter | Trulig hi (masse aktivitet) |